

Elevar og privatisteksamen

Vestland fylkeskommune har eit overordna mål om at flest mogleg elevar skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Privatistordninga kan vere med å bidra til dette målet.

Regelverk

- [Opplæringsforskrifta § 4-2 Inntak til utdanningsprogram og programområde](#)
- [Opplæringsforskrifta § 9-46 Vitnemål i vidaregåande opplæring](#)
- [Opplæringsforskrifta § 9-47 Førstegongsvitnemål i vidaregåande opplæring](#)

Søknad om ikkje å delta i opplæringa

Alle elevar er i utgangspunktet tekne inn til eit fullstendig utdanningsprogram eller programområde. Elevar som av ulike årsaker ikkje ønskjer å delta i opplæring i eit eller fleire fag, kan søkje skulen om å slutte i faget for å ta det som privatist.

Skulen kan berre innvilge søknad om ikkje å delta i opplæringa dersom det ligg føre tungtvegande grunnar. Tungtvegande grunnar kan til dømes vere at eleven har opplevd noko traumatisk, er sjuk eller har omsorgsansvar. Det er ikkje ein tungtvegande grunn at eleven trur ho eller han vil få betre karakter som privatist enn som elev. Høgt fråvær er i seg sjølv ikkje ein tungtvegande grunn, men årsaka til fråværet kan vere det.

Skulen kan også innvilge søknadar om å ta privatisteksamen i framandspråkfag som eleven har språkbakgrunn i, sjå eige avsnitt.

Kven skal ikkje betale oppmeldingsavgift

Hovudregelen er at dei som tek privatisteksamen, sjølv skal betale eksamensavgift.

Elevar som med heimel i opplæringsforskrifta § 4-2 får innvilga søknad om ikkje å delta i opplæringa i eit eller fleire fag for å ta eksamen som privatist, skal ikkje betale oppmeldingsavgift for privatisteksamen.

OT-ungdom kan få sleppe å betale eksamensavgift som eit oppfølgingstiltak.

Skulane kan i enkelte høve tilby elevar som har rett på meir opplæring gratis privatisteksamen i staden for meir opplæring i skule. Elevar som takkar ja til ei slik løysing vil ikkje vere kvalifiserte for førstegongsvitnemål.

Framandspråk

Elevar kan søke om å få ta privatisteksamen i framandspråksfag dei har språkbakgrunn i staden for å vere elev i framandspråket skulen tilbyr. Dette kan vere elevar som har eit anna morsmål enn norsk eller som har tileigna seg kompetanse i språket på annan måte, til dømes fordi dei har budd i utlandet.

Skulen må vurdere om eleven har tilstrekkeleg kompetanse til å greie både munnleg og skriftleg privatisteksamen i språket. Dette kan ein gjere ved å han ein samtale med eleven om språkbakgrunnen og korleis eleven brukar språket ho eller han vil ta eksamen i. Skulen kan også gå gjennom tidlegare eksamensoppgåver frå skriftleg eksamen med eleven. Det er særleg viktig å sikre at dei som vil ta eksamen i språk som ikkje nyttar det latinske alfabetet har tilstrekkeleg skriftleg kompetanse til å bestå eksamen, og har kunnskap til å gjennomføre eksamen digitalt med rett skrift.

Elevar kan ta både fellesfag og programfag i framandspråk som privatist. På grunn av godskrivingsreglane bør dei som har høg kompetanse i språket ta eksamen på så høgt nivå som mogleg.

Plan for eksamen

Skulen må saman med eleven lage ein plan for når eleven skal ta privatisteksamen. Så langt det er mogleg, bør eleven ta privatisteksamenane i haustsemesteret, og i alle fall ikkje utsette dei til siste semester på vg3.

Skulen melder elevane opp i privatistportalen

Skulen må melde elevar som ikkje skal betale eksamensavgift opp til privatisteksamen i [privatistportalen](#) ved å bruke knapp for *Simuler brukar*. Den som skal gjere dette må ha tilgangen *Oppmelding av privatistar for skulen* i InSchool.

Oppmeldinga må skje i desse periodane:

- Hausteksamen: 1.-15. september
- Våreksamen: 15. januar til 1. februar

Skulen skal velje *Lagre som fritatt for betaling* og velje eigen skule i nedtrekksmenyen i neste steg. Sjå elles [retteleing for oppmelding til eksamen på vegner av kandidat](#).

Privatisteksamen og fråværsreglar

Hovudregelen er skulen skal føre fråvær for fråvær i samband med privatisteksamen.

Dette gjeld likevel ikkje elevar som har fått innvilga søknad om å ta fag som privatist i staden for å vere elev i faget. Desse elevane skal ikkje ha fråvær når dei tek privatisteksamen. Dei skal heller ikkje ha fråvær for eventuelle førebuingdagar i samband med privatisteksamen. Elevar til fri for eksamenar som blir arrangerte etter skuletid, men dei som har lang reiseveg skal ikkje få fråvær for om det nødvendig å reise i skuletida. Elevar har ikkje rett til lesedag i samband med privatisteksamen.

Privatisteksamen og tilrettelegging

Alle som treng tilrettelegging på privatisteksamen må søke om dette på privatistportalen. Det gjeld også dei som har fått innvilga tilretteleggingstiltak som elev. Frist for å søke er 15. februar om våren og 1. oktober om hausten.

Informasjon til elevane om privatisteksamen

Skulen må sikre at elevane veit korleis dei får informasjon om tid og stad for eksamen, og at dei er kjende med korleis eksamen blir gjennomført. Vi tilrår at eleven loggar seg inn i privatistportalen saman med oppmeldingsansvarleg etter at eksamensdatoane er publiserte.

Elevar som treng særskilt tilrettelegging på privatisteksamen, må sjølv søke om det på privatistportalen. Skulen må hjelpe eleven med dette.

Privatisteksamen, vitnemål og førstegongsvitnemål

Hovudregelen er at dei som har teke privatisteksamen i eitt eller fleire fag ikkje kan få førstegongsvitnemål. Unntaket er:

- Fag eleven har betra innafor tidsrommet læreplanverket fastset som normalt
- Fag eleven har forsert som privatist
- Fag skulen ikkje tilbyr

- Fag eleven treng på grunn av vg1 eller vg2 i utlandet
- Framandspråk teke som privatist der eleven har ein annan språkbakgrunn
- Fag eleven har teke som privatist etter å ha fått innvilga søknad om å slutte i fag etter § 4-2 i Opplæringsforskrifta.
- Fag eleven har teke som privatist i tillegg til sitt fastsette opplæringsløp

Munnleg eksamen i framandspråk på teams for elevar med lang reiseveg

For elevar som har så lang reiseveg at det ikkje er mogleg å reise fram og tilbake same dag, kan skulen avtale med Amalie Skram vgs at eksamen skal gjennomførast digitalt på teams. Skulen må sikre at eleven forstår kva ein eksamen på teams inneber og at eleven sjølv ønskjer å gjennomføra eksamen på denne måten. Skulen må dekke sine eigne utgifter i samband med eksamen på teams, medan OPK dekker Amalie Skram vgs sine utgifter.

Frist for å avtale eksamen på teams

Skulen avtalar eksamen på teams ved å sende e-post til privatist@asvg.no seinast 5. februar om våren og 20. september om hausten.

Om gjennomføring av eksamen på teams

- Eksamen må gjennomførast på det tidspunktet Amalie Skram vgs bestemmer.
- Eksamen skal gjennomførast på Vestland fylkeskommune sitt nett og eleven må vere fysisk til stades på skulen.
- Ein ansvarleg på skulen må vere til stades i førebuingstida og under heile eksamen. Denne er kontaktperson for Amalie Skram vgs og har mellom anna ansvar for å kontrollere legitimasjon og å hjelpe til med trekk av førebuingssoppgåve.
- Skulen må sørge for å ha IKT-ressurs tilgjengeleg for å løyse eventuelle tekniske problem.